

Fra: "Tore Vehus" <vehus_tore@hotmail.com>
Sendt: 17. april 2024 19:45:12
Til: "Postmottak Åmli" <Adm.Adm@amli.kommune.no>
Emne: Innspill rullering kommuneplan

Hei,

Åmli Skogeigarlag sitt årsmøte vedtok 3.4.24 følgjande innspel til rullering av kommuneplanen.

Åmli Skogeigarlag skal forvalte næringsinteressene til medlemmene i laget. Åmli Skogeigarlag legg opp til eit berekraftig skogbruk og arealbruk i tråd med nasjonalt lovverk og forskrifter. I utkast til arealdel for Åmli kommune (ref . 24/159-) er det lagt opp til rullering av område som er planlagt for utvikling av hyttefelt, spreidd busetnad eller bustadfelt. Skogeigarlaget ser det ikkje føremålmessig å skrinlegge arbeidet som vart gjort i forbindelse med prosjektet SNU-Åmli. Ei eventuell fjerning av område frå planen må gjennomførast i dialog med den einskilde grunneigar. Skogeigarlaget meiner at dette også er i tråd med dei politiske ynskja om å tilrettelegge for spreidd busetjing i kommunen.

I arealdelen er også solkraft spesielt nemnt. Åmli Skogeigarlag meiner at Åmli Kommune skal stille seg positiv til næringsutvikling og at ein ikkje skal leggje seg på ei strengare linje enn nasjonale føringar. I den gjeldande omstillinga av energisituasjonen meiner skogeigarlaget at Åmli Kommune bør leggje til rette for ei berekraftig disponering av areala.

Med vennleg helsing
Tore Sandnes Vehus
Leiar Åmli Skogeigarlag